



## Saksframlegg

**Arkiv:** K1-144, K2-Q80  
**ArkivsakID:** 24/630  
**JournalpostID:** 24/2768  
**Sakshandsamar:** Anne Kristine Dyrdal  
**Dato:** 28.08.2024

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
021/24	Solund Ungdomsråd	16.09.2024
018/24	Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	16.09.2024
052/24	Formannskap	17.09.2024

## Vedtak om høyring på temaplan for trafikktryggleik 2025 - 2037

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap legg temaplan for trafikktryggleik 2025 - 2037 ut på høyring med frist 4 veker høyringsfrist, med følgjande endringar:

- .....
- .....

Planen skal vedtakast i desember 2024.

### 16.09.2024 Solund Ungdomsråd

#### Handsaming:

Ungdomsrådet sitt innspel i møtet:

Solund formannskap legg temaplan for trafikktryggleik 2025 – 2037 ut på høyring med frist 4 veker høyringsfrist, med følgjande endringar:

- Det bør vurderast å setje opp skilt der det ferdast dyr langs vegen

Planen skal vedtakast i desember 2024.

Solund Ungdomsråd sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

**U-021/24 Vedtak i:**

Solund formannskap legg temaplan for trafikktryggleik 2025 – 2037 ut på høyring med frist 4 veker høyringsfrist, med følgjande endringar:

- Det bør vurderast å setje opp skilt der det ferdast dyr langs vegen

Planen skal vedtakast i desember 2024.

**16.09.2024 Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne**

**Handsaming:**

*Votering:*

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**E-018/24 Vedtak i:**

Solund formannskap legg temaplan for trafikktryggleik 2025 - 2037 ut på høyring med frist 4 veker høyringsfrist, med følgjande endringar:

- .....
- .....

Planen skal vedtakast i desember 2024.

**17.09.2024 Formannskap**

**Handsaming:**

*Felles framlegg om vedtak:*

Solund formannskap legg temaplan for trafikktryggleik 2025 - 2037 ut på høyring med frist 4 veker høyringsfrist.

Planen skal vedtakast i desember 2024.

*Votering:*

Felles framlegg om vedtak vart samrøystes vedteke.

**FOR-052/24 Vedtak i:**

Solund formannskap legg temaplan for trafikktryggleik 2025 - 2037 ut på høyring med frist 4 veker høyringsfrist.

Planen skal vedtakast i desember 2024.

**Vedlegg i saka:**

06.09.2024        TEMAPLAN FOR TRAFIKKTRYGGING 2025-2037 02.09.2024  
06.09.2024        Handsaming og prioritering TT-plan 02.09.2024 v2

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Solundkommune sin Trafikktryggleiksplan 2012 - 2019: Sjå dok 2013/148:

[https://www.solund.kommune.no/politikk-og-administrasjon/om-oss/innsyn-og-postliste/sok-og-postliste/#/details/a-e8f93b5a\\_de8c\\_4fed\\_8410\\_71ae71ffb04f-2005000303!mIFgoN](https://www.solund.kommune.no/politikk-og-administrasjon/om-oss/innsyn-og-postliste/sok-og-postliste/#/details/a-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-2005000303!mIFgoN)

Det vert elles vist til føringar og lenker i plandokumentet.

### **Kva saka gjeld:**

Vedtak om høyring av framlegg til temaplan for trafikktryggleik for Solund kommune 2025 - 2037.

### **Saksutgreiing:**

#### Bakgrunn:

Solund kommune sin trafikktryggleiksplan hadde verknadstid i perioden 2012 - 2019. Solund kommune treng ei forankring av trafikktryggleiksarbeidet i kommunal plan for å kunne søkje om tilskot til tiltak. Ein plan bidreg også til prioritering av tiltaka som er naudsynt og gjer det lettare å oppretthalde status som Trafikksikker kommune. Kommunal plan kan i denne samanhengen kan også vere økonomiplan og budsjett.

Det er Vestland fylkeskommune som har mynde på fylkeskommunale vegar, og fylkeskommunen har også handlingsrom når det gjeld kommunale vegar.

#### Trafikkulykker i Solund og Norge

Det er størst trafikkmengde i kommunesenteret, og elles på hovudvegen mellom Krakhella og Daløy. Det er ikkje gjort målingar på vegen, men det finnast nøyaktige tal på ferjetrafikken. Det har ikkje vore registrert dødsulykke i Solund etter statistikken som går tilbake til 1978, men det har vore registrert ei trafikkulykke i same periode med ein alvorleg personskade (2015). Av 34 ulykker i perioden 1978 – 2021 skjedde 59 % av ulykkene i møteulykker i kurve, og 29 % av ulykkene var einsleg køyretøy utanfor veg.

Nasjonal statistikk syner at medverkande årsak til dødsulykker i perioden 2012 – 2021 oftast heng saman med faktorar knytt til førarar. Dette omfattar blant anna manglande førardyktigheit (49 %), høg fart (33 %), ruspåverknad (22 %) og trøttleik/ sovning (15 %). Veg og vegmiljø var medverkande i 29 % av ulykkene. I tillegg er manglande eller feil bruk av bilbelte, MC-hjelm og sykkelhjelm viktige faktorar som medverkar til skadeomfanget. Andre faktorar som er nemnt er stor skilnad på vekt og energimengde mellom køyretøy, og manglande innebygde sikkerheit i køyretøy peika på.

#### Innspel til planarbeidet

Det vart opna for innspel til planarbeidet ein periode i 2018 - 2022, og det er desse innspel som er handsama i planframlegget. Innspela til planarbeidet er vurdert etter ( kap. 5.3.1 i planframlegget) om det er relevant for denne planen, om innspelet er av nyare dato (etter 2018), i tråd med nasjonale og regionale føringar, i tråd med lokale føringar, trafikkmengda i området for tiltaket og konsekvens. Vurderinga av innspel og tiltakslista ligg i vedlegget til planen.

Innspela er vurdert etter kriteria som i kap. 5.3.1 Vurdering av innspel om fysiske tiltak i plandokumentet. Tiltak har fått ein av følgjande konklusjon:

- Tiltak vert ikkje teke med vidare. Dette er tiltak som ikkje støttar opp om kriteria i kap. 5.3.1.
- Vert handsama under anna punkt i dokumentet. Dette er tiltak som er meir eller mindre likelydande med eit anna punkt og vurderinga er berre gjort ein stad i excel-dokumentet.
- Vert teke med i andre planar. Dette er tiltak som ikkje høyrer med i denne planen, men ein anna kommunal plan. Stort sett er det vedlikehaldsplanen for bygg, vegar og kaiar.
- Organisatoriske tiltak. Dette er tiltak som må gjerast administrativt, til dømes kartleggingar, organisering, dokumentasjon, med meir.

- Fysiske tiltak. Dette er tiltak som skal gjennomførast i felt. Ein del av tiltaka er det Vestland fylkeskommune som må gjennomføre etter innspel frå Solund kommune eller andre som spelar inn.

Det er ikkje kome innspel som er direkte knytt til åtfærd og haldningsskapande arbeid, men dette heng sterkt saman med mange av dei andre innspel når ein ser på kva som er hovudårsaka til trafikkuulykker på nasjonalt nivå.

### Planframlegget

Kommunen er ein viktig aktør i arbeidet med å førebyggje trafikkuulykker. For å lukkast med trafiktryggleiksarbeidet, må det skje i alle sektorar i kommunen og det må vere forankra i den politiske og administrative leiinga. Det er også avgjerande med godt samspel mellom offentlege myndigheiter, frivillige organisasjonar og privatpersonar. Temaplan for trafiktryggleik («trafiktryggleiksplanen») skal bidra til å samordne arbeidet og styrke den kommunale innsatsen på området, i samarbeid med ei lang rekke andre aktørar.

Planen stør opp om nasjonale mål om transportsystemet for effektivitet, miljø og tryggleik. Det ligge ei lang rekkje føringar for det lokale trafiktryggleiksarbeidet frå nasjonalt hald. Dei nasjonale målsettingane kjenner ein att i dei regionale føringane. Ein skal ta vare på det ein har, det skal vere eit ope vegnett og det skal vere trygt å ferdast. Det vert lagt vekt på at dei reisande skal gå, sykle eller nytte kollektivtransport. Dette er også målsettingar ein finn mykje att av i Solund kommune sin eigen samfunnsdel av 2020. I samfunnsdelen er det lagt vekt på open og trygg mobilitet for personar og gods, både lokalt og regionalt. Dei kommunale vegane skal ha godt vedlikehald og dei det skal leggast til rette for mjuke trafikkantar. I tillegg legg trafikksikker kommune-statusen føringar for trafiktryggleiksarbeidet i kommunen, der sektorane har spesifikke tiltak og oppgåver som skal gjennomførast kontinuerleg.

Målhieraki og satsingsområde for planen:

Målsetting		<i>Ingen vert drepne eller alvorleg skada i trafikken i Solund</i>	
Plantema	Gjennomføring av tiltak som bidrar til å unngå ulykker		
Deltema	<b>Åtfærd og haldningar</b>	<b>Organisering</b>	<b>Fysiske tiltak</b>
Satsingsområde	Fart	Trafikksikker kommune	Utbetre farlege punkt
	Rus	Systematisering av trafiktryggingsarbeidet	God vegstandard
	Bruk av sikkerheitsutstyr		Godstransport på veg
	Barn	Økonomi	
	Ungdom og unge førarar		
	Eldre og CRPD		
	<a href="#">[1]</a>		
Mjuke trafikkantar			

[\[1\]](#) CRPD står for "Convention on the Rights of Persons with Disabilities" – FN-konvensjon.

Administrasjonen legg fram framlegg til prioritering av nye tiltak ved behov. Dette gjerast i samband med budsjett- og økonomiplan-prosessen. Kommunestyret vedtek prioriteringa. Handlingsplanen vert revidert ved behov.

## Medverknad

Trafikktryggingssutvalet har ikkje vore involvert i arbeidet med trafikktryggingssplanen i 2024, men tidlegare i planarbeidet i denne revisjonen (sjå meir under). Vestland fylkeskommune ved samferdsle og mobilitet har vore nytta som ressurspersonar i arbeidet, i tillegg til fagpersonar i Solund kommune.

## Framlegg til tiltakslista

Tiltaka er delt inn i tre typar:

- Åtferd og haldningar
- Organsiering
- Fysiske tiltak

## Trafikktryggingssutvalet

Det vart valt nytt trafikktryggingssutval i k.sak 026/24:

*"Solund kommunestyre vel fylgjande til trafikktryggleiksutvalet:*

- Øyvind Losnegard
- Randi Cecile Odeèn
- Hildegunn Strand
- Vara: Stine Marie Trovåg Sundal"

I k.sak 33/96 vart det gjort følgjande vedtak:

*"1. Kommunestyret nemner opp eit trafikktryggleiksutval (KTU) som vert sett saman slik:*

- 3 politiske representantar valde der ein representerer formannskapet, ein Hovudutval for helse og trivsel (HHT) og ein Hovudutval for undervisning (HFU).
- ein representant frå lensmannsetaten
- ein representant for rådmannen sin stab
- sekretæriatsfunksjon vert lagt til skulekontoret

*Leiar for utvalet vert vald mellom dei politisk valde.*

*2. Trafikktryggleiksutvalet utarbeider ein instruks som skal leggjast fram for kommunestyret til godkjenning. Instruksen må fastsetje utvalet sitt mandat.*

*3. Trafikktryggleiksutvalet utarbeider ein handlingsplan for trafikktryggleik i Solund."*

I tillegg vart det valt tre politiske representantar.

Vedteken samansetting med ein kombinasjon av administrasjon og politisk valde representantar er ikkje lovleg samasett jamfør ny kommunelov §5.1. I praksis har utvalet likevel hatt ei lovleg samansetting ved at administrasjonen berre har vore sekretær for arbeidet dei seinare åra. Administrasjonen har ikkje lukkast å finne instruksen, og den har truleg aldri blitt laga, trass at arbeidet med Handlingsplanen var godt i gang i 1997. Det eksisterer difor ikkje eit mandat eller instruks for arbeidet til utvalet. Dette er ei lovkrav jamfør Kommuneleva § 5-13: [...]ha et reglement som fastsetter

- organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet*
- tidsperioden som organet er opprettet for*
- eventuelle andre sentrale bestemmelser om organets virksomhet».*

Solund kommune har ikkje tilsvarande utval for andre planprosessar, men har nytta arbeidsgrupper og ressursgrupper/-personar i alle andre planarbeid. Desse gruppene/ personane er valde basert på fagleg kompetanse om det aktuelle temaet, sett frå ulike roller, og er ikkje politisk valde rerepresentantar. Den politiske styringa tidleg i desse planprosessane har komme i rammene for planarbeidet, det vil seie i planskisse/ planprogram.

**Vurdering:**

Kommunedirektøren meiner at dette er ein plan som er peikar på vesentleg kunnskap om trafikktryggingsarbeidet og kva dei store risikofaktorane for trafikkulykker er. Planen har teke med seg innspel som kom i innspelfasen, og vurdert desse etter eit kriteriesett som er etterretteleg. Kriteresettet kan avstemme forventningane med det som er sannsynleg kan og vil bli gjennomført av Vestland fylkeskommune. Det er Vestland fylkeskommune som har mynde på fylkeskommunale vegar, og fylkeskommunen har også handlingsrom når det gjeld kommunale vegar. Kommunedirektøren tilrår difor at planen leggast ut på høyring, for endeleg vedtak i desember 2024. Vedtak i desember 2024 er avgjerande for å kunne nå i søknadsfristar i januar 2025.

Det er uheldig at ein ikkje har fått nytta eit nyleg utnemnt utval i dette arbeidet, men utvalet har ikkje eit vedteke eit mandat. Mandatet for utvalet må vedtakast dersom utvalet skal kunne ha ein funksjon.